

Referat frå SU møte 6.februar 2025

	Møte nr.	2		
MØTELEDER:	Monika	TID:	19.30-21.15	
MØTESTAD:	Avdeling Kroken			
MØTTE:	Politkar: Eva Markegård. FAU: Maren Gyllenhammar, Eline Guren, Bhg: Gitte Fjeldstad, Hege Myro og Monika Randar			
FORFALL:				
NESTE MØTE:	Mai	REFERENT:	Monika	

SAK		Ansvar
1. Litt om kva SU er:	<p>Det er viktig å vite kva for oppgåver SU har for barnehagen. I Lov om barnehagar §4 Foreldreråd og samarbeidsutvalg står det:</p> <p>«<i>For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. Foreldrerådet består av foreldrene/de foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 15 satt maksimalgrense for foreldrebetaling, kan bare foreldrerådet samtykke i foreldrebetaling ut over dette.</i></p> <p><i>Samarbeidsutvalget skal være et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre/foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.»</i></p> <p>-Eva sit i livsløp og fortel at dei stort sett er samstemte i saker som angår barn og unge. Dei tenkjer barnets beste 😊</p> <p>-Det kom spørsmål om foreldrerådet kan fremje ynskje om å auke matprisane for å få t.d. fleire varmmåltid i barnehagen. Her må ein i så fall sjekke ut med Ulsåk barnehage, og ein må passe seg for at ein ikkje legg prisane for høgt så det kan føre til at ein ikkje har råd til barnehageplass. I tillegg krev det ein del ressursar til å lage varmmat så ein bør då fremje politisk om også Tuv kan tilsetje ein kokk, slik som Ulsåk har.</p> <p>Vedtak: Monika tek med seg innspel frå foredregruppa om ein kan vurdere fleire varmmåltid i barnehagen, og vurderer om ein kan tilsetje ein kokk.</p>	Monika

2.	<p>Heim/barnehagesamarbeid</p> <p>-Litt frå barnehagen: Viktig at føresette les månadsbrev og informasjon som kjem ut. Barnehagen kan sjå om føresette har lese informasjonen og dersom me ser nokon ikkje les den forstår me at dei heller ikkje får med seg informasjon. Det meste av dagleg informasjon skjer gjennom appen så personalet kan nokon gonger føle at det er vanskeleg å finne noko å dele ved henting.</p> <p>-Litt frå foreldrerepresentantane: Føresette er veldig fornøgde med at borna er så mykje ute, på tur og på ski. Visma app: Viktig at føresette veit at dei kan bruke kalenderen til å få med seg informasjon. Det er då viktig at kalenderane er oppdaterte. Bra når personalet følgjer over til ny avdeling saman med borna når det er bytte av avdeling.</p> <p>Vedtak: Monika sender litt informasjon via fredagsinfo, om korleis føresette kan bruke appen og ber Christina leggje ut brukarrettleiing på heimesida. Barnehagen har fokus på å halde kalender oppdatert</p>	Alle								
3.	<p>Brukarundersøking</p> <p>Status: 85% svar totalt. Fordeling avdelingsvis:</p> <table> <tbody> <tr> <td>Røggelia:</td> <td>78%</td> </tr> <tr> <td>HK:</td> <td>100%</td> </tr> <tr> <td>Kroken:</td> <td>83%</td> </tr> <tr> <td>Åne:</td> <td>70%</td> </tr> </tbody> </table> <p>Vedtak: Resultata kjem 17. februar. Monika kallar inn til eit møte i FAU i mars, og jobbar med resultata med både FAU og personalet.</p>	Røggelia:	78%	HK:	100%	Kroken:	83%	Åne:	70%	Monika
Røggelia:	78%									
HK:	100%									
Kroken:	83%									
Åne:	70%									
4.	<p>Status i barnehagen så langt:</p> <p>Litt høgare sjukefråvær enn før, men det er oversiktleg og naturlege årsakar. Det er god stemning i barnehagen, fine barnegrupper og vaksne som samarbeider godt og lagar gode dagar for både små og store 😊 Likevel skulle det gjerne vore fleire vaksne for å få betre tid med borna. Det er mykje som skal gjennomførast i løpet av dagen, og mykje tid borte får borna med både møter og pauseavvikling. Men personalet er løysningsorienterte og fleksible. Me har også fokus på å samarbeide på tvers av avdelingar. Åne/Kroken er samarbeidsavdelingar, og Høllekølten/Røggelia er samarbeidsavdelingar. I tillegg er alle avdelingane ute saman på torsdagane og Kroken er ute saman med Røggelia og Høllekølten på måndagane.</p> <p>Vedtak:</p>	Alle								

	Særleg viktig å vere nok vaksne på hausten når gruppene skal etablere seg og rutinar skal inn. I tillegg er borna eldre i løpet av året så det går lettare å være litt færre vaksne på vårhalvåret.	
5.	<p>Budsjett</p> <p>-Me var godt innafor med budsjettet i 2024. Har vore heldig å ha lite fråvær. Brukar generelt lite vikarar. Budsjett 2025 er noko lågare fordi det er justert meir rett mellom Ulsåk og Tuv barnehage utifrå tal på born og vaksne.</p> <p>-Kan ein lage sak på å tilsetje ein kokk</p> <p>Vedtak: Me bruker våren på å sjekke ut moglegheit for å tilsetje kokk.</p>	Monika
	<p>Eventuelt</p> <p>-Må vurdere om me skal halde på 3 eller 4 avdelingar neste barnehageår. Foreløpig er det lite søkerar til hausten, men frist for 1. opptak er 1. mars så det er fortsatt mogleg at det kjem ein del søkerar. Men 2026-2027 vil bli fylt opp her på Tuv, under byggjepериода. Me ser både fordeler og ulemper dersom gruppene vert for små.</p> <p>-Barnehagedagen 11. mars. Sjekke om Valle kan komme enten den dagen eller ein anna dag. Maren sjekkar.</p> <p>Vedtak: Barnehagen brukar våren på å vurdere avdelingsløysningar for barnehageåret 2025-2026. Styrarane i Tuv og Ulsåk barnehage samarbeider og finn gode løysningar for overgang til barnehageåret 2026-2027 i høve flytting av born under byggjepериода. Maren sjekkar om Valle kan besøke barnehagen ein gong, evt. 11. mars på barnehagedagen.</p>	Alle